

MODALEN KOMMUNE
Postboks 44
5732 MODALEN



Saksbehandlar: Eivind Eikenes Dahle

Vår ref.: 2022/95575-4

Dykkar ref.:

Bergen, 12.12.2022

Invitasjon til møte 5. januar 2023 i samband med årleg ruteendringsprosess

Skyss viser til brev sendt om prosess for årleg ruteendring 1. desember 2022, der kommunane vert inviterte til å komme med innspel til justeringar i rutetilbodet for buss, båt og ferje.

Som nemnt vil det bli gjennomført regionale møter, der kommunane vil få høve til å løfte fram eigne og felles problemstillingar knytt til det lokale og regionale rutetilbodet.

Møte for søre del av fylket er planlagt til **5. januar 2023 kl. 12.00 – 15.00**. Føljande kommunar er invitert til å delta i dette møtet: Sveio, Stord, Bømlo, Austevoll, Fitjar, Tysnes, Etne, Kvinnherad, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Samnanger, Vaksdal, Modalen, Osterøy

Dersom kommunen ønsker å delta på det regionale møtet, ber Skyss om snarleg tilbakemelding på namn og epostadresse til aktuelle deltakarar frå kommunen, slik at vi kan sende dei ei møteinnkalling i Outlook. Uavhengig av om kommunen deltek i møtet, kan kommunen i etterkant sende skriftlege innspel til årleg ruteendring gjennom eit digitalt skjema. Praktisk informasjon om innsending av innspela, vil bli gitt i det regionale møtet, samt i eit skriftleg brev like i etterkant av møtet.

Frist for tilbakemelding på møtedeltakarar er 30. desember 2022.

Informasjon om dette sendast på epost til Skyss sin kontaktperson for årleg ruteendring, Eivind Eikenes Dahle, e-post: Eivind.Eikenes.Dahle@skyss.no

Vi ser fram til å høyre frå dykk.



Med vennleg helsing,

Gudrun Einbu
leiar transporttilbod

Eivind Eikenes Dahle
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift